


# LexicoNordica

Titel: Rapport frå den 11. konferansen om leksikografi i Norden,  
Lund 24.–27. mai 2011

Forfatter: Oddrun Grønvik

Kilde: LexicoNordica 18, 2011, s. 359-366

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive>



© LexicoNordica og forfatterne

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Rapport frå den 11. konferansen om leksikografi i Norden, Lund 24.–27. mai 2011

*Oddrun Grønvik*

2011 var konferanseår for Nordisk foreining for leksikografi. Konferansen markerte samstundes eit jubileum, ettersom det er 20 år sidan den første nordiske leksikografikonferansen gjekk av stabelen, og organisasjonen NFL vart skipa. Vertskap denne gongen var Svenska Akademiens ordboksredaktion, med Anki Mattisson og Birgit Eaker i spissen, med kyndig bistand frå Språkrådet i Noreg. Konferansestaden var universitetsbyen Lund, der SAOB blir redigert frå Ordbokens hus, ein vakker funkisvilla med stor hage rundt (teikna av arkitekt Sten Samuelson, mannen attom Nya Ullevi). Dei faglege arrangementa var samla i bygningen Palaestra, som ligg innanfor det sentrale universitetsområdet – opphavleg gymnastikksal, i dag ein svært funksjonell møtestad for ein konferanse som denne. Det er alltid ei utfordring å halda tre sesjonar gåande i parallell – men det gjekk fint, avstandane mellom romma var små og mellom benkeradene stor nok.

Den 11. konferansen vart også den største i NFLs historie, både når det gjeld deltaking (meir enn 130 frammøtte) og føredrag (meir enn 60 utanom plenarføredraga, avvikla i tre parallelle sesjonar). Ettersom somme av føredraga hadde to eller tre forfatarar, og somme var med på meir enn eitt innlegg, må meir enn halvparten av deltakarane ha vori i elden i løpet av tre ganske tett-pakka dagar. Det er med andre ord ei forsamling med høgt aktivitetsnivå som møtest annakvart år for å snakka om leksikografiens hovudtendensar og irrgangar, presenterte i føredrag, demonstrasjonar av programvare, posterutstillingar og utstillingar av bøker og publikasjonar. Konferansen fekk også god framhjelp av det

strenge (men venlege og rettferdige) korpset av sesjonsstyrarar – det var ikkje mogleg å gå over tida.

Deltakinga var overveldande nordisk, som rimeleg er, med nokre ikkje-nordiske deltakarar. Dei to mest prominente var John Simpson, hovudredaktør i *Oxford English Dictionary* (OED), og Godelieve Laureys, professor i skandinavistikk ved universitetet i Gent, som båe heldt plenarføredrag. Ei påfallande endring i deltakinga om ein ser det nordiske leksikografmiljøet over tid, er elles at det sterke forlagsnærveret frå dei tidlege konferansane langt på veg mangla denne gongen. Dette er vel ei følge av at ordboksproduksjon ikkje lenger er ei sikker kommersiell satsing. Kva dette kan få å seia for det leksikografiske fagmiljøet i Norden, er det vanskeleg å spå om no. Men møtelyden vart siste dagen sterkt oppmoda til å tenkja over kva nye medium vil innebera for faget, i innlegget til Jens Erlandsen.

NFLs konferansar har sine plenarføredrag, denne gongen var det tre av dei. Dei var svært ulike, men kvar for seg representative for faglege interesser som kom tydeleg fram under sesjonsføredraga. I det første tok Bo Ralph (professor i nordiske språk, Göteborg) oss med på ei erkjenningsreise i historia og drivkreftene attom leksikografien som disiplin, der spørsmålet ikkje var korleis ein lagar ordbøker, men kvifor. Kva er det å forstå, avgrensa og skildra omgrep – og kva har viljen til å driva med ord, tyding og definerings hatt å seia for framståande svenske språkbrukarar som ikkje primært var leksikografar – med Strindberg som den best kjende? Det kan henda at Bo Ralphs emne, den menneskelege trongen til å fanga omgrep i ord, slik at tanken står støtt, vil bli ei endå tydelegare drivkraft i framtidig leksikografi, og særleg i morsmålsleksikografien, dersom lønsemda i ordboksproduksjon blir svekt. For kulturkodifisering gjennom leksikografisk arbeid vil nok halda fram likevel.

Dei to andre plenarførelesarane synt, ut frå svært ulike prosjekt, at leksikografisk arbeid og leksikografiske produkt i dag

knapt kan tenkjast utan bruk av IKT, anten det gjeld materialanalyse, arbeidsmetode, produktutforming eller samanlenking av tilfang og produkt. John Simpson drøfta korleis storverket OED på nett blir lagt til rettes for nye og større brukargrupper. Godelieve Laureys drøfta føremonar og ulempar ved å bruka IKT til å snu ei tospråkleg ordbok, slik at målspråk blir kjeldespråk og omvendt, og kva for utfordringar dette inneber for leksikografen. Både emne, med vinkling, er sentrale i dagens leksikografiske arbeid og fekk lyset mot seg også i fleire sesjonsforedrag, og både førelesarar synte at leksikografen aldri blir arbeidslaus, same kva verkty ein får i hende.

Den 11. konferansen om leksikografi i Norden hadde som uttrykt mål «med det vetenskapliga programmet ... att ge en så bred bild av den nordiska lexikografien som möjligt». I innhald spente sesjonsforedraga over leksikografi i stort og lite format, eittspråkleg og tospråkleg, nytt og gammalt, med utgangspunkt i skrift, tale-mål eller både delar. Ein kan grovinndele foredraga etter emne og vinkling – det er gjort nedanfor. Men samstundes sit ein att med ei sterk kjensle av at alt heng saman med alt, og at dette ytrar seg i felles haldningar og interesser for emne som kategorisering, tilhøvet mellom rådata og produkt, systematisk innhaldsformidling, og alle metodar og verkty som kan sikra kvalitet og konsistens på desse områda.

Ettersom det er uråd å gjera rett mot alle i referatet frå ein så mangslungen konferanse, ber eg om orsaking her og no til alle som ser seg unemnde, og dreg fram nokre grupper av foredrag som fall meg i augo.

Tenkjer ein sjanger, så baud programmet på innlegg om heile spennet av leksikografiske produkt, frå dei store (og gamle) historiske ordboksverka, til små ordboksdatabasar for barn og ungdom. Det som var sams for dei, var at Internett var publiseringssmediet. Anna Helga Hannesdóttir, Margunn Rauset og Aldís Sigurðardóttir presenterte til dømes utfordringane i ISLEX-programmet, eit ærgjerrig opplegg for å laga nettbaserte tospråksordbøker mel-

lom islandsk og alle dei andre nordiske språka. Her ligg det under ein premiss om at tilhøvet skal vera så godt som identisk mellom islandsk og det andre språket i kvart av språkpara, til dømes i tydingsinndeling og illustrerande døme. Slik er ikkje røynda, og dermed må leksikografane hala og dra i det formatet dei har fått utlevert for å få til adekvate løysingar. Åse Wetås og Sturla Berg-Olsen kunne i innlegget sitt om ein nettpresentasjon av *Norsk Ordbok 2014* syna fram det motsette problemet: Artikkelformatet i denne store ordboka er finkategorisert og svært rikt. Korleis skal ein best forenkla nettpresentasjonen, slik at nettordboka blir nyttig og interessant for vanlege brukarar?

Også den leksikografiske tidsaksen for Norden vart dekt over heile spennet frå 1500-talet til i dag. Eit tital sesjonsføredrag tok for seg anten tidlegare leksikografiske arbeid, eller eldre tilfang som har leksikografisk relevans. Såleis fekk vi høyra om dei første islandske ordbøkene (Gunnlaugur Ingólfsson), hapax i Olof Verelius' *Index lingvæ veteris scytho-scandicæ sive gothicæ* (Anton Lundqvist), Ivar Aasen og svensk leksikografi (Dagfinn Worren og Kjetil Gundersen) og nye kjelder til den danske leksikografis historie (Simon Skovgaard Boeck). Føredrag av denne typen – alltid lærde, ofte morosame – er vel noko av desserten ved dei leksikografiske konferansane, og tener ofte som påminning om at det finst mindre nytt under sola av faglege problemstillingar enn ein somtid har trudd. Den diakrone vinklinga kjem også fram når ein jamfører eldre og nyare utgåver (Sven-Göran Malmgren: *Från Svenska ord 3 till Svenska ord 4*), eller legg inn mange utgåver av same ordlista i ein database (Louise Holmer om SAOL).

Eit IKT-bidrag til både forskning og folkedaning er elles at stadig meir av det eldre tilfanget kan gjerast tilgjengeleg på nettet, anten det er tekst som syner språket i bruk, leksikografiske arbeid eller anna tilfang som har leksikografisk relevans. Døme på dette er digitaliseringa av karttilfanget med samletittelen *Norsk dialektatlas*, som vart presentert av Jon Holmen. Dette tilfanget utgjer i

seg sjølv eit målepunkt for norske – og somme svenske – dialektar i første halvdel av 1900-talet. Men teknologien attom kombinasjonen av lingvistiske data og kart kjenner ingen grenser i høve til geografi eller tid, og dermed opnar det seg vyar for automatisert framsyning av geografisk utbreiing for språklege data, som kan koma til nytte for heile fagfeltet.

Ein leksikografisk spesialdistanse er kategorisering av data og organisering av desse kategoriane i faste format. Emnet er like gammalt som leksikografien sjølv, men IKT-bruk driv fram strengare krav til konsistens og redaksjonell sjølvdisiplin enn papir kan gjera. Ei ganske stor gruppe sesjonsføredrag handla om kategorisering, frå val av ordklassenemning (Jón Hilmar Jónsson, Leiv Inge Aa) til full analyse og konvertering av artikkelformat i ei akademisk ordbok (Ilse Cantell og Caroline Sandström om dei første banda av *Ordbok över Finlands svenska folkmål*).

Generering av ordnett frå ordbøker og korpus er en grein av leksikografien som blir stadig viktigare, og to foredrag presenterte slike prosjekt (Ruth Vatvedt Fjeld, Rune Lain Knudsen og Julie M. Torjusen frå Noreg og Kristín Bjarnadóttir frå Island), likeins teknikkar for å isolera det sentrale ordtilfanget i eit språk frå korpus (ofte med tanke på innlæring) (Sofie Johansson Kokkinakis og Elena Volodina; Daniel Ridings). Dette er ikkje særnordiske interessefelt, men det er viktig og nyttig at ulike teoriar og metodar knytt til desse fagfelta blir testa ut på nordiske språk. At sambandet mellom ordnett og ontologiar er eit gammalt interessefelt for leksikografar fekk Lars Vikør synt fram i innlegget sitt om to norske tesaurusar, laga med om lag 140 års fråstand.

Etter den 10. konferansen vart det oppsummert at konferansen alt i alt hadde stått i «i sprogets tegn» – og referenten (Ptaszynski 2010) etterlyste bidrag som kunne syna at leksikografi er mykje meir enn språk. Ein kan vel ikkje seia at han fekk ønsket sitt innfridd denne gongen – det er framleis språket som ligg i sentrum for NFL-konferansen. Om ein ønskjer andre leksikografiske ovrin-

## MELDINGER

gar enn dei språkbundne (for også *Norsk dialektatlas* må seiast å vera språkbunde) må ein nok gå aktivt ut og rekruttera. Dette kan jo komiteen for den 12. konferansen, som skal vera i Oslo i 2013, ta for seg til nøyare vurdering.

Konferansens sosiale program dekte dei tre kveldane deltakarane fekk i Lund. Under velkomstmottakinga fekk ein sjå seg om i Ordbokens hus og hage, og SAOB-redaksjonen fekk synt at dei kan meir enn å skriva ordbok. Dei hadde laga mat og den var veldig god, det same var stemninga. Ei uvanleg kraftig haglbye vart berre eit pikant innslag på veg ut til partyteltet. Kvelden etter var det byvandring i Lund med omvisarar som kunne sine ting. Men Lund domkyrkje fekk vi ikkje vitja, for der heldt ein på og førebudde Doktorpromosjonen (sjå nedanfor). Til gjengjeld var vi atter bedne til Ordbokens hus, der det vart gjevi ein demonstrasjon av arbeidet med SAOB – Nordens suverent største ordboksverk, og det eldste som er under arbeid. Torsdag kveld var det konferansemiddag på Svaneholms slott, utanfor Skurup i søre Skåne, ein times veg med buss frå Lund. Her ville lagnaden at forsamlinga delte seg i to. To tredelar reiste beint til Svaneholm og fekk god tid med glas og musikk. Ein tredel stod att ganske lenge og venta på den siste bussen. Til gjengjeld fekk dei ein bussjåfør som underheldt med lokalhistorie og Svaneholm-anekdotar heile vegen ut. Takk vere denne sterke introduksjonen vart det, etter ein ypparleg middag, museumsvitjing og ein gløtt inn i ei svunnen tid i Skåne. Konferansens siste dag var også dagen for Doktorpromosjonen ved Lunds universitet i 2011. Doktorpromosjonen er den største akademiske høgtidsdagen, og har så vore sidan 1670. Dermed fekk konferansedeltakarane stetta turisttrongen den dagen også – promosjonen var eit imponerande syn – og somme kom seg etterpå endeleg inn i Lunds domkyrkje!

Som vanleg vart NFL-konferansen avslutta med generalforsamling. Her vart det lagt fast at neste NFL-konferanse blir i Noreg i 2013 (sjå Jan Hoels bidrag i dette bandet).

## Litteratur

Ptaszynski, Marcin Overgaard 2010: Rapport fra den 10. Konference om Leksikografi i Norden, Tammerfors, 3.–5. juni 2009. I: *LexicoNordica* 17, 407–413.

Oddrun Grønvik  
hovudredaktør, Dr. Litt. H. C. University of Zimbabwe  
Norsk Ordbok 2014  
Institutt for lingvistiske og nordiske studium  
Universitetet i Oslo  
Postboks 1021 Blindern  
NO-0315 Oslo  
oddrun.gronvik@iln.uio.no



